


Senterstruktur i Bømlo

Kommunesenter, lokalsenter, nærsenter

Rapportdato: 23.10.2023



Innholdsliste

1	INNLEIING	2
2	NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR.....	2
2.1	NASJONALE FØRINGAR	2
2.2	REGIONALE FØRINGAR	2
2.3	LOKALE FØRINGAR.....	4
3	KUNNSKAPSGRUNNLAG.....	6
3.1	AVSTANDAR.....	7
3.2	LOKALISERING AV HANDEL	7
3.3	LOKALISERING NÆRING/INDUSTRI.....	8
4	SENTERSTRUKTUR I BØMLO KOMMUNE	8
4.1	RAMMER TIL PLANKART OG FØRESEGNER	9
4.2	REGIONSENTER.....	10
4.3	KOMMUNESENTER	10
4.4	LOKALSENTER.....	13
4.5	NÆRSENTER.....	23

1 Innleiing

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 legg overordna rammer for sentrumsutviklinga, og definerer ein senterstruktur med Bergen som fylkessenter og mellom andre Leirvik på Stord, som regionsenter. I samband med kommuneplanarbeidet skal kommunane utarbeide ein senterstruktur i kommunen som er tilpassa lokale tilhøve. Fagtema senterstruktur er vanskeleg å handsama isolert, og temaet grensar særskilt mot plantema som næringsutvikling, bustad-, areal- og transportplanlegging.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS har i samarbeid med Bømlo kommune utarbeida dette notatet.

2 Nasjonale, regionale og lokale føringar

2.1 Nasjonale føringar

FN sine berekraftsmål

I tråd med nasjonale forventningar skal kommunen integrere FN sine berekraftsmål i sine mål og strategiar. Berekraftsmåla er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane. Dei fleste måla er relevante for arbeidet med å fremje gode levekår og livskvalitet. Måla gir retning og legitimitet for det helsefremjande arbeidet.

Berekraftsmål 11 Berekraftige byer og lokalsamfunn er særleg aktuelt for arbeidet med levande senter. Her er målet å gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging 2015

Føremålet med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar og samstundes sikre god stad- og byutvikling. Retningslinjene skal leggjast til grunn for kommunal planlegging etter plan- og bygningslova.

Nasjonal strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre (2021)

Målet med denne strategien er å bidra til å styrke norske småbyar og større tettstader som kraftsentre for sine regionar, og for å sikre regional balanse.

2.2 Regionale føringar

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 Regional planstrategi

Planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra. Planen byggjer på berekraftmåla til FN, og ein har i dette eit verktøy for å gjere Vestland til det mest framoverlente fylket i landet. Utviklingsplan for Vestland er heimla i plan og bygningslova § 7-1, og er regional planstrategi for Vestland. Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal legge utviklingsplanen til grunn for vidare planarbeid og verksemd i regionen.

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 (2014)

Regional plan for attraktive senter i Hordaland, femner om mange tema – ein fellesnemnar er korleis skape sentrumsområde i fylket som vert opplevd som attraktive og legg til rette for berekraftig vekst. Planen har følgjande hovudmål: *Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.*

Regional planen stadfestar at sentrumsområde skal regulerast heilskapleg gjennom områdeplanlegging i offentleg regi, og fastset følgjande mål for attraktive sentrumsområde:

Overordna mål:

Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i

Delmål:

- Sentrum skal ha god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader
- Sentrumsområdet skal vere tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne
- Sentrumsutvikling skal byggje på stadens historie, særpreg og landskapstrekk
- Sentrum skal ha høg arkitektonisk kvalitet og inkluderande møteplassar
- Sentrum skal ha gode parkar, leikeplassar og allment tilgjengeleg areal for fysisk aktivitet

Regional planen legg til grunn følgjande definisjonar:

- Senter:** Geografisk stad med funksjonar som offentlege og private tenester, handel mv. som fungerer som eit knute-punkt for eit omland. Senter skal fastsetjast i regional eller kommunal plan.
- Senternivå:** Fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelscenter, lokalsenter eller nærsenter.
- Sentrum:** Den mest sentrale delen av byen eller tettstaden. Sentrum er eit konsentrert og avgrensa område med ein gangbar kjerne.
- Lokalsenter:** Lokalt senter for handel, tenester mv. dimensjonert for eit større lokalområde i ein kommune. Kan fastsetjast av kommunen ved behov.
- Nærsenter:** Mindre senter med opptil 3.000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarebutikk, private og offentlege helse/velværetenester mv. dimensjonert for nærmiljøet. Kan fastsetjast av kommunen ved behov.

Omgrepet senterstruktur omfattar både det einskilde senteret i relasjon til omlandet, og relasjonen mellom dei ulike sentera. Sentera i fylket er plassert i eit hierarki på bakgrunn av befolkningsstorleik og kva for servicenivå det einskilde senter skal kunne tilby. Den hierarkiske senterstrukturen med ulike senternivå skal sikre ei geografisk spreiding av funksjonar og tilbod, leggje til rette for levedyktige senter og sikre balanse mellom dei ulike sentera. Ein god senterstruktur fremjar redusert transportbehov, nærleik til tenester og samlokalisering. Regional planen legg opp til at sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommuneplan eller i reguleringsplan for sentrum. Gåavstand og sykkelavstand er omgrep som gjerne blir nytta i samband med avstand til skule og arbeidsplass. I tettstaden rundt eit senter blir gåavstand gjerne rekna som 1 km og sykkelavstand som 5 km.

Senterstrukturen i Hordaland opprettheld same hierarkiske struktur som tidlegare fylkesdelplan for senterstruktur, med følgjande nivå:

- Fylkessenter: Bergen
- Regionsenter: Leirvik (Stord), Husnes (Kvinnherad), Norheimsund (Kvam), Klepppestø (Askøy), Osøyro (Bjørnafjorden), Vossavangen (Voss), Straume (Øygarden), Knarvik (Alver), Indre Arna (Bergen) og Odda sentrum (Odda)
- Kommunesenter, lokalsenter og nærsenter kan fastsetjast av kommunen

2.3 Lokale føringar

Utklipp frå samfunnsdelen til Bømlo kommune

Bømlo skal vere ein grøn kommune kor alle skal ha rik tilgang på både blå og grønne områder. For å sikre dette til for alle og få ei balansert utvikling av kommunen blir lokalsentra strategiske utviklingsområde. Det er lokalsentra det er best moglegheiter for å fremje kystlivet når me skal utvikle bustadområde, tilføre sentrums-kvalitetar, tenester og arbeidsplassar. Difor må me samordne bustad-, areal- og transport-politikken.

Tradisjonelt har Bømlo hatt mykje spreidd busetting. Dette har tradisjonelt vore knytt til landbruk, men dette sysselsett mange færre i dag enn for nokre tiår sidan. Areal er ein knapp ressurs og eit dyrebart fellesgode som kommunen skal forvalte til det beste for alle. FOR spreidd busetting har ein kostnad for fellesskapet si pengekasse i form av infrastruktur og transportbehov. Samstundes er det økonomisk og sosialt gunstig å ha utvikling i heile kommunen. Utvikling er ikkje einstyddande med utbygging, men betyr òg å bevare og foredle, til dømes viktige naturområde eller kulturlandskap.

God infrastrukturplanlegging og inkludering krev både prioritering, langsiktig planlegging og oppfølging. Å prioritere ein berekraftig infrastrukturbygging forpliktar. Til gjengjeld kan ein utvikle ein føreseieleg kommune, også med tanke på ein føreseieleg og berekraftig økonomi.

Dagens areal, anten det er til landbruk, bustader eller næring, må utnyttast betre framover. Lokalsentra våre må bli utvikla «innanfrå» og ut. Me skal utvikle og byggje der det allereie er god, eksisterande infrastruktur som VVA og trygge vegar. Dette krev at bustad, areal og mobilitet må sjåast i samanheng, både innad i kommunen, mellom lokalsentra og i regionen.

Det er ei sams utvikling av lokalsentra som gjer ei balansert og god utvikling av heile kommunen. Det er her Bømlo kan tilby innbyggjarane ein kvardag som går opp: ein kortreist kvardag med berekraftig sosiale kvalitetar, arealbruk og transportløyningar. Det er i lokalsentra me kan utvikle knutepunkt med sosial infrastruktur som skular, barnehagar og butikk. Lokalsentra skal fremje helse, miljø og livskvalitet som er eit godt grunnlag for næringsliv og tilflyttarar.

Det er i og kring lokalsentra ein har moglegheit til å etablere arbeidsplassintensive verksemdar, mobilitets-knutepunkt, publikumsretta aktivitetar, offentlege og private tenester og opne arenaer for fritids- og kulturaktivitetar. Difor er det her me ønskjer ny konsentrert bustadbygging.

Kommunesenteret vårt, Svortland, skal bli utvikla heilskapleg med ein definert sentrumskerne. Dette bør skje gjennom ein eigen, ny områdeplan for sentrum. Å satse på lokalsentra inneber ikkje at alle skal ha like eller parallelle tilbod til ei kvar tid, men supplere kvarandre.

Ei slik satsing på lokalsentra vil vere eit svært viktig klimatiltak. Ved å konsentrere ny utbygging til lokalsentra kan me unngå å bygge ned areal som har funksjon som CO₂-lager og som har verdi for matproduksjon, naturmangfald eller rekreasjon. Ei langsiktig utvikling i kommune- og lokalsentra, vil vere den beste måten å samordne både bustadpolitikk, arealpolitikk og transportplanlegginga på ein betre måte. Økonomisk vil det vere stor vinst i å utnytte eksisterande infrastruktur først, før utbygging av heilt nye område. Dette er ei langsiktig strategisk satsing, som skal bli følgt opp i arealdelen.

Nokre sentrale teneste og verksemdar bør alltid liggje i eit kommunesenter, men det finns også ting som kan bli lokalisert andre stader i kommunen, særleg om ein kan utnytte lokale særpreg ein ikkje finn andre stader. Det kan med ei meir konsentrert satsing på lokalsentra bli meir enkelt å lokalisere tenester for heile kommunen på ulike plassar. Når kommunen skal vurdere å etablere eller oppretthalde teneste i lokalsentra må det gjerast heilskaplege vurderingar og prioriteringar mellom anna med omsyn på kost, nytte og kvalitet.

Det skal vere eit samsvar mellom areal som blir lagt ut for bustader og befolkningsprognosane. Ein ubalanse vil vere negativt både for potensielle utbyggjarar, kjøparar og kommunen, med tanke på beredskap og viktige samfunnsstruktur (VVA, skule, veg, osb.).

Gjeve strategien om å utnytte eksisterande infrastruktur og utbygd areal best mogleg, må ny konsentrert bustadbygging (bustadfelt) skje kring lokalsentra, kor sentrumskjerna er innanfor rekkevidda av sykkel- og gonge.

Utklipp frå planprogram arealdelen Bømlo kommune:

Vedteke planprogram for rulleringa av kommuneplanen i Bømlo fastslår følgjande knytt til senterstruktur:

- Bømlo skal definere sentrumsutstrekning for Svortland i kommuneplanen sin arealdel.
- Etter behov skal sentrumsutstrekning for dei andre lokalsentra også bli definert.
- Definerings av senter er særleg viktig i høve handel, sidan handelsområde med nytt eller samla bruksareal over 3000 m² etter Regional plan for attraktive senter 2015-2026 må lokaliserast i eit senter. Vidare er det gjeve retningslinjer for kva besøksintensive offentlege tenester som det er aktuelt for staten og fylket å etablere i dei forskjellige sentra, helst i eller nært sentrum av senteret.
- **Kommunesenter Svortland:** I kjernen av Svortland skal bustad, offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel prioriterast, og det skal vera høg utnytting av areal. Her er det særleg aktuelt med fortetting. Områda kring Svortland sentrumskjerna, i gang- og sykkelavstand, bør også ha høg arealutnytting. Det gjeld også for dei sentrumsnære områda som til dømes Meling, Nese, Brekke og Urangsvåg. Ålmenta skal vera sikra tilgang til Storavatnet og større samanhengande, grøntområde når reguleringsplanar blir utarbeidd. Grøne lunger/friområde skal vera ein del av sentrums- og bustadutviklinga. Friområde må sikrast. «Salomonskogen», er godt døme på ein naturleg leikeplass.
- **4 lokalsentra:** Finnås, Langevåg, Moster med Mosterhamn som sentrum og Rubbestadneset. Arealbruken skal vera med på å tilføre lokalsentra gode sentrums-kvalitetar og sosialt liv. Som sentrums-kvalitetar vil ein mellom anna forstå frivillig aktivitetar, lag- og organisasjonsliv, uorganisert sosialt liv, detaljhandel, offentlege teneste, bibliotek og andre kulturinstitusjonar. Bygging i sentrums-kjernane i lokalsentra må ha høg utnytting av areal. Det er også aktuelt med fortetting.
- **Nærsenter:** Det kan bli aktuelt å definere nærsenter i Bømlo kommune i krinsane der det allereie er, eller er trong for handel eller lokale tenester, som grunnskule eller barnehage.
- Bustadutvikling: det blir lagt opp til tettare busetnad jo nærare ein kjem eit senter, og tettare for kommunesenter enn for lokalsenter. Dette er for å få best mogleg utnytting av eksisterande veg, kollektivtilbod og teknisk og sosial infrastruktur som skule, helse o.l. Det skal utvikla samfunn, handel og aktivitet innanfor korte avstandar for å oppnå eit generasjonsvenleg samfunn med enkel tilgjenge til tenester for alle på staden.
- Sentraliseringa skal ikkje vera til hinder for busetting utanfor eit senter. Det skal vidareførast busetting i LNF-område for spreidd busetting. Det skal bli vurdert trong for anten utviding av areal eller auka tal på tillatne nye bustadar. Det skal følgja med føresegner som hindrar deling og lokalisering som er skadeleg for jordbruket, viktige naturtypar, viltområde, friluftsområde eller kulturminne.

3 Kunnskapsgrunnlag

Utvikling i sentera er påverka av både lokale, regionale og nasjonale føringar og trendar. Dei ulike bransjane er i endring, på same måte som innbyggjarane sitt forbruksmønster er i endring. Mellom anna syner ei undersøking av omsetnadsutviklinga i varehandel og tenesteyting at omsetnaden av varer i sentrum har tapt terreng over tid, medan omsetnaden av tenester derimot veks sterkt (Vista Analyse 2020). Dette gjeld for både små og store senter. Andre sterke endringstrendar handlar om digitalisering.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet lanserte juni 21 ein strategi for småbyar og større tettstader. Her er det drøfta mellom anna korleis ny teknologi og betre utnytting av data endrar samfunns- og næringsliv i heile landet. Dei siste åra er mange av tenestene, både offentlege og private, flytta over til folk sine PC'ar og smarttelefonar. Det pågår såleis ei omfattande desentralisering av både private og offentlege tenester, der tenestene vert levert uavhengig av kor ein oppheld seg. Denne digitale transformasjonen vil framover påverka småbyar sin funksjon som regionale sentra for tenester, og er såleis ei viktig nyansering av diskusjonen kring vidareutvikling av kommunane. Denne utviklinga har allereie vart ei stund, og vil truleg auka i styrke og påverknad på samfunnsutviklinga i åra som kjem.

Ein føresetnad for at ein tettstad/eit senter skal verta opplevd som attraktiv er at flest mogleg tilbod og funksjonar, som handel, service, næring og kultur er lokalisert i sentrum. Større konsentrasjon gjer det mogleg å vinne konkurransen om den mest attraktive handelskapitalen, noko som kan ha økonomiske ringverknader til andre verksemdar og gje bidrag til investering i stadutvikling. Like avgjerande er sentral plassering av publikumsretta offentlege tenester.

Ved å satse på utvikling av senterområda kan ein motverke tendensen til at sentrum tapar delar av marknaden til eksternt lokalisert handel og slik genererer auka transport. Dersom utviklinga skjer i ytterkanten av sentrum, blir stadene meir bilavhengige og sentrum mindre tilgjengeleg og attraktivt.

For at eit senter skal fungere som ein møteplass må det opplevast trygt, inkluderande og tilgjengeleg. Dette gjeld for alle aldrar, men er særskilt viktig for å utvikle eit aldersvenleg samfunn og eit samfunn som reduserer utanforskap og som reduserer tal barn som veks opp i familiar med svak økonomi. Ungdomane treng ein stad «å henge», der det ikkje kostar noko å kome inn. Barnefamiliar treng aktivitetsområde og alle treng benkar, toalett og samlingsplassar der dei kan setje seg ned og møte andre.

Fortetting i etablerte utbyggingsområde er eitt av hovudgrepa som skal til for at folk skal velje gange/sykkel i staden for bil. I tillegg til bustader skal området også romme ulik fysisk og sosial infrastruktur (vegar, skular, grøntområde, næring og service, mv.), slik at tettleiken i dei regulerte bustadareala følgeleg vert høgare.

I ei tid med store endringar i demografien er det naudsynt å endre måten ein driv tenester på, og kor ein utviklar nye tenester. I løpet av få år vil også Bømlo få eit stort tal eldre. Mange av dei med høgast alder vil ha behov for omfattande hjelpebehov og døgnpleie. Stadig fleire også i yngre årsklassar treng kommunale tenester. Dei fleste ønskjer å få desse tenestene i eigen heim slik at dei kan bli buande i kjente omgivnader og i nærmiljøet. Dette stiller krav til fleire lettstelte og tilgjengelege bustadar, både for dei som bur der og for dei som skal utføre tenester. Det er også viktig at slike bustader ligg sentralt til i høve daglegvarebutikk, kollektivtransport m.m. Då kan den enkelte i større grad klare seg sjølv lengre og det er enklare å ivareta eit sosialt og aktivt liv.

Ein annan nasjonal trend, som truleg gjer seg gjeldande også på Bømlo, er auke i talet på einslege og einslege med barn. For denne gruppa vil det kunne ha stor tyding i kvardagen å bu sentralt og tett på kollektivsystem og skular/barnehagar. Dette er også ei gruppe som ofte har mindre kjøpekraft enn familiar med to vaksne, og som difor treng billigare bustader.

Auka fokus på klimakrise, fleire som bur åleine, i små hushald og fleire som slit med å kome seg inn på bustadmarknaden har ført til auka etterspurnad etter meir fellesløysingar og delingskultur. Per i dag er det ikkje bustadtilbod i den private marknaden på Bømlo som tek utgangspunkt i delingsøkonomi og fellesskapsløysingar.


3.1 Avstandar

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 syner at føresetnaden for at eit senter skal fungere optimalt er at flest mogleg tilbod og funksjonar er lokalisert innanfor ein gangbar kjerne. Kva som er ein gangbar kjerne har med avstand og utstrekning å gjere. Gangavstand er eit stabilt omgrep som varierer lite over tid. Store avstandar fører til at senteret i praksis vert delt og at ein nyttar bil mellom ulike funksjonar.

I større tettstader er ein ofte villig til å gå lengre dersom det er lett å finne fram, er trygt å gå, og det er godt tilrettelagt for gåande.

I Regional plan for attraktive senter 2015-2026 har fylket laga ei prinsippsskisse for senterutstrekning, sjå Figur 1.

Figur 1. Prinsippsskisse for senterutstrekning i Regional plan for attraktive senter 2015-2026 Kjelde: vlfk.no



Når det gjeld daglege gjeremål, som skule, barnehage og jobb, vert gangavstand ofte rekna som opptil 1 kilometer, avhengig av kva gjeremål ein har. 1 km tek om lag 10 minuttar i roleg tempo. Det kan vere tungt å transportere daglegvarene heim om ein går eller sykklar, og gangavstand til daglegvarebutikk er ofte rekna til 500 meter. Når det gjeld sykkelavstand til daglege gjeremål blir denne normalt rekna til 5 km. Bruken av elsyklar aukar rekkevidda for kva som er sykkelavstand.

3.2 Lokalisering av handel

Handelen består av ei rekkje ulike vareslag. Detaljhandel er eit mykje brukt omgrep i handelsanalysar og inkluderer det meste av varer ein får kjøpt i butikk som privatperson, ekskludert sal av motorkøyretøy og drivstoff. Daglegvarer er ei undergruppe av detaljvarer. Utvalsvarer er ei anna undergruppe av detaljvarer, og er mellom anna sko, klede, sport, gåver, apotek, bokhandel, vinmonopol, innreiing, elektro, jernvare, fargehandel etc. Dette er typiske butikkar i by- og tettstadsentra og i kjøpesenter. Plasskrevjande varer er typisk møblar, kvitevarer, motorutstyr, byggevare og hagesenter.

Ulike varer har ulike lokaliseringfaktorar. Daglegvarehandelen kan med fordel spreiaast til ulike delar av kommunen, men lokaliseringa bør vere sentral i høve kringliggande bustadområde (fortrinnsvis i gangavstand), og storleiken må vere tilpassa ein lokal marknad. Reisemotstanden er stor når det gjeld daglegvare, og folk handlar gjerne nært sin bustad.

Når det gjeld utvalsvarer, dvs. meir spesialiserte butikkar som bokhandel, klede, sport, sko etc., er situasjonen motsett. Ved å lokalisere dei mest mogleg samla får ein eit betre og meir samansett tilbod som då gjer det meir attraktivt å handle der.

Trelast/byggevare og planteskular/hagesenter tilhøyrar varegruppa plasskrevjande varer, og bør lokaliserast til område med relativt god tilkomst for privatbil. Desse varene er forøvrig dei einaste som i føresegn til reguleringsplan kan skiljast ut frå øvrige varetypar, og såleis styrast. Det er ein aukande tendens til bransje-gliding som at til dømes byggvarebutikker og hagesenter også tilbyr andre varer som ikkje er arealkrevjande,

til dømes jernvarer. Også i andre varegrupper finn ein bransjegliding. Ei utvikling ein har sett lenge er større varehus som tilbyr ei rekkje ulike varetypar. Etablering av slike varehus vil kunne øydelegge livsgrunnlaget for mindre utvalsvarebutikkar i sentrum, til dømes klesbutikk og skobutikk. Bransjegliding og utvikling av nye handelskonsept utfordrar skilje mellom plasskrevjande varer og utvalsvarer. Det inneber at lokaliseringspolitikken for desse områda vil vera særst viktig, og at all detaljvarehandel må ha ei lokalisering som er godt tilpassa ønska senterstruktur og transportsystem.

3.3 Lokalisering næring/industri

Arbeidsplassintensive næringer som kontorarbeidsplassar bør lokaliserast i sentrumsområde, for å byggje opp om kommunesenter og lokalsenter. Større arbeidsplassar knytt til kultur og reiseliv bør òg i størst mogleg grad lokaliserast i sentrumsområda.

Arealbehovet knytt til dei nye grønne næringane er utfordrande då desse næringane har ulike lokaliseringskriterium. Nærleik til sjø er likevel eit kriterium som går igjen for fleire av dei nye grønne næringane. Eventuelle landanlegg for akvakultur bør også lokaliserast nær sjøen. Akvakulturnæringa har behov for areal, både på land og i sjø.

4 Senterstruktur i Bømlo kommune


Følgjande moment er viktige i arbeidet med utvikling av senterstruktur:

- Senterstruktur synleggjer for omverda kor kommunen ønskjer utvikling og gjer kommunen føreseieleg både for næringsliv, innbyggjarar og tilflyttarar.
- Betre mobilitet, tilrettelegging av areal for sentrumsføremål og betre tilhøve for gåande og syklande styrkjer lokal handel og legg til rette for enklare kvardagsliv
- Eit definert senter forpliktar arealbruken, men gir samstundes moglegheiter
- Å utvikle lokalsentra og tilføre desse kvalitetar føreset meir effektiv og føreseieleg utnytting av arealet. Dette er også positivt om ein ønskjer å ta vare på natur- og jordbrukskvalitetar

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 slår fast at det skal setjast avgrensingar for sentrumsutstrekning for kommunesenter i samband med kommune(del)plan eller i reguleringsplan. Det er ikkje krav til konkrete liner i kart for lokalsenter, men i mange tilhøve vil det vera hensiktsmessig å gjennomføre ei konkret avgrensing. I lokalsenter blir det viktig å sikre at tilboda i størst mogleg grad vert konsentrert, noko som også kan gjerast gjennom føresegner.

Ein differensiert senterstruktur opnar for ulik utvikling i dei ulike sentera gjennom å spisse tiltak ut i frå lokale tilhøve. Ei slik differensiering vil gjere det lettare å dimensjonere rett storleik på bustadareal, areal til offentlege føremål og behov for sentrumsføremål og detaljhandel. Det er eksisterande senterstruktur som er teke inn i kommuneplanen. Den differensierte og spissa planlegginga av senterområda må gjennomførast i samband med reguleringsplanar for sentera.

Kommuneplanen sin samfunnsdel peiker på følgjande senterstruktur i Bømlo:



Figur 2. Kart med oversyn over senterstrukturen i Bømlo. Det er synt ulike avstandar frå senterpunkt som føl eksisterande vegar.

4.1 Rammer til plankart og føresegner

Det er i senternotatet valt å klassifisere kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Det er valt å kartfeste sentrumskerne for Svortland, og Moster i kommuneplanen sin arealdel. Dei andre lokalsentera og nærsentera er valt å ikkje kartfeste då dei i større grad har klart definerte sentrum. Føringer for kommune-, lokal- og nærsentera er omtala i føresegnene.


Sentrumskerne: Denne sona vil verta vist med eit føresegnsområde, #, i kommuneplankartet med tilhøyrande føresegner. Innanfor denne sona skal det vera sentrumsføremål med detaljhandel, tilgjenge, mobilitet, kvalitetar og arealintensitet som sentrale føringar. For å styrka sentrumet sin funksjon som eit attraktivt og levande sentrum bør utvalsvarehandelen (jernvare, klede, sko, leiker etc.) plasserast her.




Figur 4. Avgrensing sentrumskjerne Svortland.

4.3.1 Senteromland

Ein ønskjer å definere sentrumsomland for bustad av Svortland i kommuneplanen sin arealdel. Det er valt å ikkje regulere denne sona i kommuneplankartet eller i føresegner. Avgrensinga er i hovudsak sett med bakgrunn i etablerte funksjonar og tiltak, samt gjeldande plansituasjon KPA og reguleringsplanar som regulerer areal til bustad. I tillegg område med god infrastruktur for mjuke trafikantar inn til sentrumskjernen. Innanfor denne sona er det naturleg å kunne leggje til rette for offentlege tenester som t.d. helse og omsorg, skule og barnehage, samt meir og høgare konsentrert utbygging av bustadar enn elles i kommunen.



Figur 5. Avgrensing sentrumskjerne (blått omriss) og sentrumsomland (rødt omriss) i Svortland.



Figur 6. Gangavstand 500 meter og 1000 meter frå kollektivterminalen midt i sentrumskjernen. Avgrensing sentrumskjerne (blått omriss) og sentrumsomland (rødt omriss) i Svortland.

4.4 Lokalsenter

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 slår fast at det kan definerast lokalsenter i kommunen og at eit slikt senter kan innehalde areal for fleire funksjonar og større bruksareal for detaljhandel enn eit nærsenter.


Bømlo kommune har i kommuneplanen sin samfunnsdel definert 4 lokalsenter. Desse lokalsentera har alt i dag senterfunksjonar med butikk, skule, servicefunksjonar, og private/offentlege tenester. Det er naturleg å legge til rette for å vidareutvikle desse i kommuneplanen sin arealdel.

Det er ønskeleg å definere sentrumskjernen for Moster i plankartet, men ikkje for dei andre lokalsentera. Dette med ønskje om sterke føringar for plassering av detaljhandel og funksjonar i Moster, sidan det er meir spreidd og desentralisert lokalisering av funksjonane her enn i dei andre tre lokalsentera.

4.4.1 Moster inkl. Mosterhamn

Moster senter og sentrumskjerne er klart definert til området der det i dag er etablert m.a. matbutikk, legesenter, matservering, frisør, og bensinstasjon/verkstad. I tillegg har ein Moster amfi og hamna som ligg aust for sentrumskjernen, og grunnskulen nord for sentrumskjernen. Bustadfelta ligg spreidd, m.a. grunna tidlegare plassering av skulen (Grindheim) og funksjonar/teneste knytt til Mosterhamn. Funksjonar og aktivitetar er såleis spreidd over eit større område utover sentrumskjernen.

Det er utarbeida eit moglegheitsstudie (masteroppgåve 2018) som skildrar mogleg utvikling av områda Moster – Mosterhamn, i tillegg er det under arbeid detaljreguleringsplan for desse delområda. I studiet er det sett på dagens struktur, potensial for vidare utvikling i området, og korleis ein kan knytte desse delområda betre saman. Sjå skisse under.




Figur 7. Utklipp frå Mulighetsstudie Mosterhamn. Masteroppgåve 2018, Vistnes og Rydningen.


Sentrumsavgrønsinga er i hovudsak sett med bakgrunn i etablerte funksjonar og tiltak, samt gjeldande plansituasjon i KPA som regulerer areal til næring og tenesteyting. Det er også teke med areal som har potensial for å knyte sentrum saman med Moster Amfi på ein god måte med m.a. møteplassar.



Figur 8. Avgrensing sentrumskerne Møster.




Figur 9 Avstand frå matbutikk som i dette tilfellet fell saman med senter i sentrumskjernen.




Figur 10. Lokalsenterområde med piler som syner aksar som er viktige å knyte saman.

4.4.1 Rubbestadneset

Rubbestadneset senter og sentrumskjeerne er klart definert til området der det i dag er etablert m.a. matbutikk, hotell, frisør, matservering og tannlege. I tillegg har ein hurtigbåtkai og vidaregåande skule aust for sentrum, samt stor arbeidsplass ved Wärtsilä nord/nordvest for sentrumskjeerne. I hovudsak er bustadfelta konsentrert tett på sentrum. Senter er klart definert ved matbutikken.




Figur 11. Avstand frå matbutikk som i dette tilfellet fell saman med senter i sentrumskjeerne.




Figur 12. Lokalsenterområde med område som det er viktig å knyte saman.

4.4.2 Finnås

Senter på Finnås er knytt til matbutikken ved Kuleseidkanalen. Her er det mellom anna matbutikk, bensinstasjon og serveringstenester. Grunnskulen er etablert sør for sentrum, på Våge. Det er også etablert Folkehøgskule på Hidle, mellom sentrum og Våge. Trevaren Monter er etablert ved Sakseid krysset og Sakseid gartneri er etablert nordaust for kanalen. I tillegg er ein del av busetnaden spreidd over eit større område, Sakseid, Steinsvåg og Våge. Funksjonar og aktivitetar er såleis spreidd over eit større område. Senter er klart definert ved Kuleseidkanalen.



Figur 13. Avstand frå matbutikk som i dette tilfellet fell saman med senter i sentrumskjernen.




Figur 14. Lokalsenterområde med pilar som synar aksar som er viktige å knyte saman.


4.4.3 Langevåg

I sentrum av Langevåg ligg Langevåg Bygdatun med matbutikk, bank og kafé. Barne- og ungdomsskule ligg tett på dette området og dannar ein del av sentrumskjerna. I tillegg er ein del av bustadfeltet spreidd over eit større område, Hovland, Kalavåg, Eidesvik og Vorland. Ferje til Sveio og ny fiskerihamn er etablert aust for sentrum, samt båt til Espevær i vest. Funksjonar og aktivitetar er såleis spreidd over eit større område. Senter er klart definert ved Bygdatunet.


Det er utarbeida eit moglegheitsstudie av Leva Urban Design som skildrar mogleg utvikling av områda frå kai til kai i Langevåg. I studiet er det sett på dagens strukturar, potensial for vidare utvikling i området, og korleis ein kan knytte desse delområda betre saman. Sjå skisse under.




Muntlig presentasjon avholdt 22.06.18 på Bygdatunet - foreløpig leveranse moglegheitsstudie til Langevåg Utvikling - utarbeidet av Leva Urban Design



Figur 15. Utklipp frå Mulighetsstudie Langevåg 2018. Leva Urban Design



Figur 16 Avstandar frå skule og matbutikk.



Figur 17. Lokalsenterområde med område som det er viktig å knyte saman.

4.5 Nærsenter

Regional plan for attraktive senter 2015-2026 gir at eit nærsenter er eit mindre senter med opptil 3 000 m² samla bruksareal for detaljhandel. Eit nærsenter vil typisk innehalde daglegvarehandel dimensjonert for nærmiljøet, samt offentlege/private tenestetilbod og lokalt tenestetilbod som frisør og liknande. Det er ikkje eit krav til at nærsentera skal fastsetjast med avgrensing i kommuneplanen.

Bømlo har ei rekkje historiske sjøbruksmiljø som historisk har hatt senterfunksjonar som landhandlar, spise-stader og anna næring. Fleire av desse er i dag ikkje definert som nærsenter/lokalsenter, men kan likevel vera område som på kort og mellomlang sikt kan vera aktuelle for nærsenterfunksjonar eller bumiljø. Bømlo kommune ønskjer å legge vekt på at senterstrukturen ikkje skal hindre lokal utvikling og initiativ. Dette kan t.d. vera små spisestadar/kafé, fiskeutsal eller kiosk på kaien, galleri, gardsutsal, forsamlingslokale og endra bruk av eldre bygg til ulike funksjonar.

Bømlo kommune ønskjer å klassifisere Espevær og Brandasund som nærsenter då desse har nærsenter funksjonar med m.a. matbutikk. Hollundsaldalen har også matbutikk, og samband med etablering av denne vart Hollundsaldalen definert som nærsenter av Vestland fylkeskommune. Lokale tenester og møteplassar som skulen på Foldrøy, Meling og Gilje gjer det naturleg at også desse er definert som eit nærsenter. I tillegg har ein grendesentera Goddo/Erevik, Lykling, og Rolfsnes med forsamlingshus og møteplassar for nærområdet.

Namn	Dagens funksjonar (september 2023)
Espevær	Matbutikk (Joker Espevær). Nedlagt skule. Restaurant/forsamlingshus (Baadehuset og Gamle-posten). Anna næring: Galleri Kristian Wilhelmina, Biekronå gjestehamn, Ryskjedals serviceutleige – MS Venemøy. Attraksjonar: UFO, kabelferja og hummerparken
Brandasund	Matbutikk, 2 stk (Skjæret og Brandasund landhandleri). Grendatun med forsamlingshus og kapell. Restaurant, Fabrikkløftet. Anna næring: Lakseslakteri og fiskemottak.
Goddo/Erevik	Forsamlingshus og møteplassar: Erevik grensatun med nærmiljøanlegg. Felles båt plass. Bubil parkering og dagsturhytta Kurebu.
Foldrøy	Grunnskule. Butikk; TR-design. Forsamlingshus og møteplassar: Fleirbrukshall. Tennisbane. Aktivitetspark med petanquebane og leikeområde (under opparbeiding).
Hollundsaldalen	Matbutikk. Frisør, restaurant, tannlege. Kontorplassar. Plasskrevjande vareutsal.
Gilje	Grunnskule. Forsamlingshus og møteplassar: Fleirbrukshall. Bedehus
Lykling	Butikk, TR-design. Forsamlingshus og møteplassar: Huset på kaien. Lykling gjestehamn
Meling	Grunnskule. Forsamlingshus og møteplassar: Gymsal og kjøkken. Bedehus. Vinsen (arrangement og utleige)
Rolfsnes	Vitanaustet med historiske sjøbrukskvalitetar. Forsamlingshus og møteplassar: Grendahus med treningsrom.